

Innkalling

Utval	Giske kontrollutval
Møtestad	Giske rådhus
Dato	08.02.2023
Tidspunkt	kl 13:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksi.no eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Sakliste

PS 01/23	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 02/23	Orienteringar
OS 01/23	Orientering om tildelingskriterier heimebasert omsorg
PS 03/23	Interimrevisjon 2022 - Giske komune
PS 04/23	Forvaltningsrevisjon 2023 - innkjøpsrutiner Giske kommune
PS 05/23	Møteplan for 2023 Giske kontrollutval
PS 06/23	Årsmelding 2022 frå Giske kontrollutval
PS 07/23	Meldingar
MS 01/23	Budsjettramme kontrollarbeidet 2023 - kommunestyret sitt vedtak
MS 02/23	Giske kontrollutval medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn
MS 03/23	Informasjon om FKT sitt webinar 26.01.2023 om kommunikasjonsstrategi

Ålesund, 01.02.2023

Dag Oksnes
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 01/23	Giske kontrollutval	08.02.2023

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Giske kontrollutval - 09.11.2022

Møteprotokoll

Utval	Giske kontrollutval
Møtestad	Kommunestyresalen, Giske rådhus
Dato	09.11.2022
Tidspunkt	kl 13:00 - 15:00

Følgjande medlemmer møtte

Dag Oksnes
Sissel Anita Roald

Forfall

Asbjørn Furnes
Herman Rørvik Blindheim
Inger Johanne Sund

Møtande varamedlem

Ruth Roald
Knut Støbakk

Møtenotat

Ordførar Harry Valderhaug var til stades på heile møtet.

Frå adminstrasjonen møtte kommunedirektør Dag Olav Tennfjord. Kommunalsjef oppvekst Åse Elisabeth Skjærseth og politisk sekretær Ingvild Nautvik møtte i sak OS 04/22 og PS 23/22.

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA møtte oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor Kathrin Haram, oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Kurt Løvoll og forvaltningsrevisor Ingrid Walstad Larsen.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte rådgivar Solveig Kvamme.

Dag Oksnes
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Sakliste

PS 21/22	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 22/22	Orienteringar
OS 04/22	Orientering om meiroffentlegheit i Giske kommune
PS 23/22	Rapport frå forvaltningsrevisjon 2022 - ressurs og kvalitet i grunnskulen - spesialundervisning
PS 24/22	Revisjon og kommunikasjonsplan 2022
PS 25/22	Revisor sin plan for forenkla etterlevingskontroll 2022
PS 26/22	Møteplan 2023 Giske kontrollutval
PS 27/22	Meldingar
MS 10/22	Henvending med påstand om ulik behandling
MS 07/22	Oversikt pr 01.11.2022 - oppfølging av kontrollutvalet sine saker
MS 08/22	Melding om oppdragsansvarleg revisor sitt sjølvstende 2022
MS 09/22	Informasjon om kontrollutvalskonferansar i 2023

PS 21/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Giske kontrollutval 09.11.2022

Behandling

GPU - 21/22 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 22/22 Orienteringar

OS 04/22 Orientering om meiroffentlegheit i Giske kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Giske kontrollutval 09.11.2022

Behandling

Kommunedirektør Dag Olav Tennfjord bad politisk sekretær Ingvild Nautvik fortelje litt om publisering av dokument til folkevalde organ. Når det gjeld fulltekstpublisering av dokument på Giske kommune si heimeside så har kommunen ut frå ressursmessige omsyn, gjort eit val om å ikkje fulltekstpublisere alle dokument, sjølv om dei er offentlege.

Kontrollutvalet takkar kommunedirektøren for orienteringa og tek informasjonen med seg vidare i sitt arbeid med risiko og vesentlegvurdering og framtidige forvaltningsrevisjonar.

GPU - 04/22 vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

PS 23/22 Rapport frå forvaltningsrevisjon 2022 - ressurs og kvalitet i grunnskulen - spesialundervisning

Tilråding til vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til dei tilrådingar som revisor gjev i rapport frå forvaltningsrevisjon på ressursbruk innan grunnskuleopplæringa - spesialundervisning, og ber kommunedirektøren merke seg desse.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å sikre at arbeidet med felles rutiner og prosedyrer på dette området vert slutført, lagt inn i kvalitetssystemet og halde ved like jf. krav om god internkontroll.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å rapportere til kontrollutvalet på iverksette tiltak knytt til punkt 1. og 2. innan april 2023.

Giske kontrollutval 09.11.2022

Behandling

Endring av ordlyd i siste del av punkt 1, foreslått av Knut Støbbakk,

1. Kommunestyret sluttar seg til dei tilrådingar som revisor gjev i rapport frå forvaltningsrevisjon på ressursbruk innan grunnskuleopplæringa - spesialundervisning, og ber kommunedirektøren følgje opp desse.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å sikre at arbeidet med felles rutiner og prosedyrer på dette området vert slutført, lagt inn i kvalitetssystemet og halde ved like jf. krav om god internkontroll.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å rapportere til kontrollutvalet på iverksette tiltak knytt til punkt 1. og 2. innan april 2023.

Knut Støbbakk sette fram forslag om å endre siste del av punkt 1 frå ...merke seg dette til ...følgje opp dette.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

GKU - 23/22 vedtak

1. Kommunestyret sluttar seg til dei tilrådingar som revisor gjev i rapport frå forvaltningsrevisjon på ressursbruk innan grunnskuleopplæringa - spesialundervisning, og ber kommunedirektøren følgje opp desse.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å sikre at arbeidet med felles rutiner og prosedyrer på dette området vert slutført, lagt inn i kvalitetssystemet og halde ved like jf. krav om god internkontroll.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å rapportere til kontrollutvalet på iverksette tiltak knytt til punkt 1. og 2. innan april 2023.

PS 24/22 Revisjon og kommunikasjonsplan 2022

Tilråding til vedtak:

Giske kontrollutval tek framlagte revisjons- og kommunikasjonsplan 2022 til vitande.

Giske kontrollutval 09.11.2022

Behandling

GKU - 24/22 vedtak

Giske kontrollutval tek framlagte revisjons- og kommunikasjonsplan 2022 til vitande.

PS 25/22 Revisor sin plan for forenkla etterlevingskontroll 2022

Tilråding til vedtak:

Giske kontrollutval tek revisor sin framlagte plan for etterlevingskontroll 2022 til vitande.

Giske kontrollutval 09.11.2022

Behandling

GKU - 25/22 vedtak

Giske kontrollutval tek revisor sin framlagte plan for etterlevingskontroll 2022 til vitande.

PS 26/22 Møteplan 2023 Giske kontrollutval

Tilråding til vedtak:

Giske kontrollutval vedtek at neste møte i kontrollutvalet vert onsdag 8. februar 2023.
Forslag til møteplan for resten av 2023 vert lagt fram til vedtak i dette møtet.

Giske kontrollutval 09.11.2022

Behandling

GKU - 26/22 vedtak

Giske kontrollutval vedtek at neste møte i kontrollutvalet vert onsdag 8. februar 2023.
Forslag til møteplan for resten av 2023 vert lagt fram til vedtak i dette møtet.

PS 27/22 Meldingar

MS 10/22 Henvending med påstand om ulik behandling

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Giske kontrollutval 09.11.2022

Behandling

GKU - 10/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 07/22 Oversikt pr 01.11.2022 - oppfølging av kontrollutvalet sine saker

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Giske kontrollutval 09.11.2022

Behandling

Kontrollutvalet såg gjennom oversikta. Førre forvaltningsrevisjon om kommunale bygg er svara ut med sak om tiltak i kommunestyret tidlegare i år og denne revisjonen kan sjåast på som slutført.

GKU - 07/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 08/22 Melding om oppdragsansvarleg revisor sitt sjølvstende 2022

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Giske kontrollutval 09.11.2022

Behandling

GKU - 08/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 09/22 Informasjon om kontrollutvalskonferansar i 2023

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Giske kontrollutval 09.11.2022

Behandling

GKU - 09/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 02/23	Giske kontrollutval	08.02.2023

Orienteringar

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

Underliggende saker

01/23 Orientering om tildelingskriterier heimebasert omsorg

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
OS 01/23	Giske kontrollutval	08.02.2023

Orientering om tildelingskriterier heimebasert omsorg

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Bakgrunn:

Med bakgrunn i eit oppslag i Øyeblikk 19. januar vert kommunedirektøren invitert for å gje kontrollutvalet ei orientering.

Det kontrollutvalet vil orienterast om, er dei kriteria som Giske kommune nyttar for tildeling av heimebasert omsorg.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 03/23 Giske kontrollutval

Møtedato
08.02.2023

Interimrevisjon 2022 - Giske kommune

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport frå interimrevisjon 2022 til vitande.

Bakgrunn:

Revisor har eit sjølvstendig fagleg ansvar for å revidere årsrekneskapen og årsmeldinga til kommunen i samsvar med lover, føresegnar og god kommunal revisjonsskikk.

Rekneskapsrevisjon omfattar kommunen sin årsrekneskap og lånefond. Årsrekneskapen skal reviderast før den vert lagt fram for handsaming i kommunestyret.

I tillegg til revisjon av årsrekneskapen til kommunen vil oppgåvene til revisor omfatte ei rekkje attestasjonar som til dømes knytt til kompensasjon av meirverdiavgifta til kommunen.



Interimrevisjon er den revisjonen som blir gjennomført i løpet av året for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som føresett gjennom året.

I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

Revisor skal gjennom sine kontrollar gje ein tryggleik for at vi kan stole på informasjonen kommunen gjev om økonomien og bruken av midlane.

Vurdering:

I kontrollutvalet sitt møte 8. februar 2023 vil oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor Kathrin Haram gje kontrollutvalet ei oppsummering av interimsrevisjonen 2022. Hennar presentasjon ligg ved saksframlegget.

Målet er at revisor gjev ei oppsummering som kan gje kontrollutvalet tryggleik for at revisjonen går etter planen og sikre at kontrollutvalet vert informert om viktige forhold som vert avdekt.

Dersom der er avdekt manglar ved den økonomiske interimrevisjonen så bør kontrollutvalet undersøke med revisor om desse funna er av ein slik grad at dei fører til eventuelle endringar av planen for revisjon av årsrekneskapen 2022.

Vedlegg

Rapportering interimsrevisjon 2022 Giske kommune

Rapport etter interim 2022

GISKE KOMMUNE

ORIENTERING I KONTROLLUTVALGET 8. FEBRUAR 2023

Faser i regnskapsrevisjon

2

- **Planlegging**

Foreløpig risikovurdering og identifisering av fokusområde
Gjennomgang av og legge opp tidsplan for revisjon og rapportering
Fastsette revisjonsplan for fokusområdene
Presentasjon av revisjonsplan for administrasjonen og kontrollutvalg

- **Etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen**

Risiko- og vesentlighetsvurdering legges fram for kontrollutvalget i november

- **Interimsrevisjon**

Foreløpig analyse av kommunens regnskap
Møte med kommunens økonomi og regnskapsavdeling for å kartlegge samt løse identifiserte problemstillinger
Revisjon av nøkkelprosesser inkludert møter og intervju av nøkkelpersoner for identifiserte fokusområder
Test av relevante kontroller (herunder generelle IT-kontroller)
Gjennomføre øvrige relevante revisjonshandlinger (fokus på transaksjonsklasser)
Møte med administrasjonen og kontrollutvalg, oppsummering interimsrevisjon

- **Årsoppgjørrevisjon**

Ferdigstille eventuelle åpne spørsmål identifisert under interimsrevisjonen
Påse at det ikke foreligger endringer i kommunens intern kontroll, der hvor disse er relevante for revisjonen
Gjennomføre øvrige relevante revisjonshandlinger, herunder avstemming av vesentlige og risikoutsatte balanseposter
Avsluttende analyse av kommunens finansielle rapportering
Foreløpig rapportering til ledelsen og kontrollutvalg

- **Revisjon av årsregnskapet**

Gjennomgang av regnskap og noter
Gjennomgang av årsmelding
Rapportering til ledelsen
Møte med kontrollutvalg

- **Kommunikasjon**

PBC-lister (årsoppgjør) / oversikt avtaler (interim)
Revisjonsberetning og revisjonsrapporter
Møter med kontrollutvalg
Løpende uformell kommunikasjon ved behov

Identifiserte risikoer 2021

- ▶ Oppfølging av rutiner rundt deaktivering av AD bruker
- ▶ Kommunen har avstemmingsperm for balanseposter. Vi har anbefalt at disse deles opp etter oppsettet i balansen (anleggsmidler, bank etc).

Revisjonstilnærming - Regnskapsrapportering

Regnskapsrapportering

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Status etter interim

Risiko knyttet til:

- Økonomisk handlingsrom (gjeldsgrad)
- Tertialrapportering og offisielt regnskap
- Årsoppgjørdisponering/avslutning og strykninger
- Budsjettjustering og budsjettavvik
- Generelle IT-kontroller

Middels/ høy anslått risiko ●

Risiko for feil i forbindelse med utarbeidelsen av regnskapet, flere manuelle posteringer og lite rutinemessig arbeid. Endret regelverk også for 2022.

Revisjonshandlingene på dette området blir i stor grad gjennomført ved årsoppgjørrevisjon.

Interimsrevisjon av området:

Tertialrapportering til kommunestyret. Økonomisjef har rapportert per tertial på regnskap og finans. Vi vurderer det slik at rapportene omtaler vesentlige forhold.

Budsjett – kontroll om budsjett i budsjettskjema stemmer med vedtak. Har per interim ingen avvik.

Revisjonstilnærming - Salgsområdet

Salgsområdet	Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester) Status etter interim
Risiko knyttet til: • Salgs- og leieinntekter (drift) • Kundefordringer (bal) • Andre kortsiktige fordringer (bal) • Ordinær merverdiavgift	Lav anslått risiko ● Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner, lite bruk av skjønn og estimat. Ordinær merverdiavgift trekker risikoen noe opp. Interimsrevisjon av salgsområdet: - Rutinekartlegging - Analyse - Fakturering – kontroll av satser Ingen forhold ved vår kartlegging eller analyse som indikerer at vi bør endre vår revisjons strategi eller risikovurdering på området

Revisjonstilnærming – Innkjøp/kostnadsområdet

Innkjøps / kostnadsområde	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger Status etter interim
Risiko knyttet til: • Kjøp av varer og tjenester (drift) • Momskompensasjon • Leverandørgjeld (bal) • Annen kortsiktig gjeld (bal)	Middels anslått risiko ● Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjons- og anvisningsrutine for inngående faktura, men fakturaene behandles på mange ulike enheter med varierende forståelse av kontrollrutinen. I tillegg er det ofte snakk om høye beløp som trekker risikoen opp. Interimsrevisjon av innkjøps og kostnadsområdet: - Rutinegjennomgang - Analyse - Test av kontroll - kontroll av attestasjon og anvisning Ved vår bilagskontroll i forbindelse med kommunens søknad om momskompensasjon, har vi kontrollert at bilag blir attestert og anvist av to ulike personer – det er ikke funnet avvik her Rutinegjennomgang og analyse på området ga ingen indikasjon på at vi bør endre vår revisjons strategi eller revisjonsrisiko.

Revisjonstilnærming – Driftsmidler/ investeringsområdet

Driftsmidler / investeringer	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger Status etter interim
Risiko knyttet til: • Investeringer i varige driftsmidler (inv) • Salg av varige driftsmidler (inv) • Avskrivninger/motpost avskrivninger (drift) • Bruk av lån/lovlig finansiering (inv) • Skille mellom drift og investering	Middels anslått risiko ● Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjons- og anvisningsrutine for inngående faktura. Komplisert regelverk og skjønnsmessige vurderinger knyttet til skille mellom drift og investering, samt vurdering av levetid på anleggsmidlene, øker risiko for vesentlige feil. Interimsrevisjon av driftsmidler/ investeringsområdet: - Rutinegjennomgang - Analyse - Bilagskontroll større anskaffelser. Vi har ikke funnet noen vesentlige avvik her. Revisjonsstrategi og revisjonsrisiko på området opprettholdes

Revisjonstilnærming - Lønnsområdet

Lønnsområdet

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger Status etter interim

Risiko knyttet til:

- Lønnskostnader
- Sosiale kostnader
- Pensjon

Lav anslått risiko ●

Rutinemessige månedlige beløp for fast lønn. Noe mer komplekst (forsystemer, manuelle grunnlag etc.) for variabel lønn. Høyt volum/størrelse, men mindre beløp for enkelttransaksjoner.

Interimsrevisjon av lønnsområdet:

- Rutinegjennomgang
- Analyse
- Test av kontroller – attestasjon og anvisning av timer og reiseregninger.
- Kontroll av riktig oppdatering av satser i lønnstabeller i HRM fra hovedtariffavtalen.

Handlingene rutinegjennomgang, analyse og kontroll av riktig oppdatering av satser i HRM fra hovedtariffavtalen er gjennomført uten vesentlige endringer eller uforklarlige avvik.

Test av attestasjon og anvisning av timer og reiseregninger vil gjennomføres i løpet av januar.

Kommunen har ikke implementert kontrollen ledelsesattesterte lønningslister. Vi anbefaler at det i forbindelse med utbetaling av lønn utføres en rimelighetskontroll av lønnen av enhetslederne. Dette for å sikre at riktig lønn blir utbetalt og at det ikke utbetales lønn uberettiget.

Revisjonstilnærming - Overføringsområdet

Overføringsområdet	Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester) Status etter interim
--------------------	--

Risiko knyttet til:

Overføringsinntekter:

- Rammetilskudd (drift)
- Inntekts- og formuesskatt (drift)
- Eiendomsskatt (drift)
- Andre skatteinntekter (drift)
- Andre overføringer og tilskudd fra staten (drift)
- Overføring og tilskudd fra andre (drift)
- Tilskudd fra andre (inv)

Overføringsutgifter:

- Overføring og tilskudd til andre (drift)
- Tilskudd til andres investeringer (inv)

Lav anslått risiko: ●

Overføringsinntekter består hovedsakelig av overføringer fra staten som kan total-avstemmes mot ekstern dokumentasjon.

Interimsrevisjon av overføringsområdet:

- Rutinegjennomgang
- Analyse
- Merverdiavgiftskompensasjon termin 1-5
- Test av kontroller – attestasjon og anvisning av faktura

Kontroll av attestasjon og anvisning bygger på test av kontroll som gjøres på innkjøp/kostnadsområdet.

Øvrige kontroller på området gjennomføres mest effektivt i årsoppgjøret.

Uførte særattestasjoner der vi har avgitt egen uttalelse i perioden:

- Søknad om momskompensasjon termin 1:5
- Tilskudd til Aktiv ferie og fritid for barn og unge – Giske frivillighetssentral
- Tilskudd til styrking av tilbudet til barn og unge med sammensatte tjenestebehov
- Spillemidler Godøy idrettslag – lager/ tribune
- Tilskudd til styrking av helsestasjon og skolehelsetjeneste
- Kompensasjonsmidler til lokale virksomheter – runde 6 og 7

Revisjonstilnærming - Finansområdet

Finansområdet (res)	Finansområdet (bal)	Angrepsvinkel : Test av kontroller og substanshandlinger Status etter interim
Risiko transaksjonsklasser: • Renteinntekter og renteutgifter (drift) • Avdrag på lån (drift) • Utbytter (drift) • Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler (drift) • Investering i aksjer og andeler (inv) • Salg av finansielle anleggsmidler (inv) • Utlån av egne midler (inv) • Avdrag på lån (inv) • Utdeling fra selskaper (inv)	Risiko balanseposter: • Bankinnskudd og kontanter • Aksjer og andeler • Andre finansielle plasseringer • Fond • Kapitalkonto • Gjeld til kredittinstitusjoner • Annen gjeld (obligasjons- og sertifikatlån) • Utlån • Ubrukte lånemidler	Middels anslått risiko: ● Finansområdet er et komplekst område sammensatt av mange transaksjonsklasser med ulik risikovurdering. Interimsrevisjon av finansområdet: - Rutinegjennomgang - Analyse - Minimumsavdrag - Test av kontroller – bankavstemming Kommunen brukes avstemmingsmodulen i Visma på bankkonti med mange transaksjoner, avstemmes månedlig – testen synes å fungere Minimumsavdraget kontrolleres i januar/ februar. Ikke avdekket forhold som indikerer endring av verken revisjonsstrategi eller risiko

Avslutning/ oppsummering

Oppsummering

Oppsummert synes interimrevisjonen gjennomført uten nevneverdige avvik eller feil.

Avvik i analyser synes godt forklart og rutinekartlegging er gjennomført med god dialog og kartlegging.

Kommunen har ikke implementert kontrollen ledelsesattesterte lønningslister. Vi anbefaler at det i forbindelse med utbetaling av lønn utføres en rimelighetskontroll av lønnen av enhetslederne. Dette for å sikre at riktig lønn blir utbetalt og at det ikke utbetales lønn uberettiget.

Det er kommunisert fra administrasjonen at forberedelser til avleggelse av årsregnskap er i gang og at regnskapet vil bli levert innenfor fristen.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 04/23	Giske kontrollutval	08.02.2023

Forvaltningsrevisjon 2023 - innkjøpsrutiner Giske kommune

Sekretariatet si tilråding:

Giske kontrollutval bestiller ein forvaltningsrevisjon i 2023 på innkjøp og offentlege anskaffingar i tråd med den skissa til prosjektplan som forvaltningsrevisor la fram i møtet. Kontrollutvalet bed sekretariatet om å sjå til at dei innspel som kjem fram i møtet vert tatt inn i prosjektplanen.

Bakgrunn:

Giske kommunestyre har i sak 74/20 møtet 29.10.2020 vedtatt kontrollutvalet sitt forslag til Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023 med følgende prioriterte fokusområde:

1. Ressursbruk i grunnskuleopplæringa
2. Rutinar for offentlig innkjøp
3. System for planmessig vedlikehald av kommunale eigedommar

Kontrollutvalet fekk mynde til å foreta endringar av planen i perioden, og det gjorde Giske kontrollutval i sitt møte 09.02.2021. I sak 03/21 vart det vedteke å prioritere forvaltningsrevisjon innan planmessig vedlikehald av kommunale eigedomar først. Rapporten frå denne forvaltningsrevisjonen vart ferdigstilt og lagt fram for kontrollutvalet hausten 2021.

Forvaltningsrevisjon ressursbruk i grunnskuleopplæringa - spesialundervisning er gjennomført og rapporten vart lagt fram for kontrollutval og kommunestyre hausten 2022.

Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. I kommunelova § 23-3 første ledd blir forvaltningsrevisjon definert som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak. Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.

Vurdering:

Med bakgrunn i den forvaltningsrevisjonen som vart gjort i 2019/2020 knytt til investeringsprosjekt så kom det fram moment om innkjøp og manglande innkjøpsrutiner som kan vere nyttig å sjå nærare på.

Revisor skreiv då følgjande:

Anskaffinga i dei prosjekta som vi har gått gjennom er altså i all hovudsak gjennomført av Norconsult AS. Eit resultat av dette er at kommune i liten grad har utvikla egne system og rutinar som skal sikre at innkjøpa er gjenstand for planlegging, konkurransegjennomføring og kontraktsoppfølging.

Slik vi oppfattar våre samtalar med sentrale personar har dette tema også litt samanheng med i kva grad kommunen sjølv skal ta meir ansvar for gjennomføring av investeringsprosjekta. Vi oppfatta det også slik at kommunen ser behovet for å utvikle betre system og rutinar sjølv knytt til anskaffingar. Vidare at ein no held på med kompetanseheevande tiltak i høve til offentlege anskaffingar

Vidare kom det fram:

Kommunerevisjonen har grunn til tru at dei anskaffingar som er gjort i investeringsprosjekta som vi har gått gjennom, er gjennomført på ei god og tenleg måte.

Vi meiner at kommunen bør vidareutvikle sine egne system og rutinar som skal sikre at innkjøpa er gjenstand for planlegging, konkurransegjennomføring og kontraktsoppfølging. Desse tema er delvis nemnt i prosesskartet allereie, men kan etter vårt syn med fordel bli integrert inn i dei ulike prosedyremalane som kommunen etter vårt syn bør vidareutvikle
Som oppfølging av den tidlegare forvaltningsrevisjonen sa kommunedirektøren våren 2020 at rutiner og prosedyrer knytt til innkjøp vart arbeidd med.

Med utgangspunkt i ROV - analysa, vedteken plan for forvaltningsrevisjon Giske kommune og i dei moment som kom fram i rapporten frå forvaltningsrevisjonen knytt til investeringsprosjekt vil sekretariatet tilrå at kontrollutvalet vurdere å bestille ein forvaltningsrevisjon på innkjøp og offentlege anskaffingar.

Forvaltningsrevisor kan i møtet legge fram eit forslag til ein plan for ein slik revisjon innan dette temaet. I denne bestillerfasa av forvaltningsrevisjon er det ganske ope og der er her kontrollutvaltet legg premissane og retninga for prosjektet innkjøp og offentlege anskaffingar.

Føremålet med forvaltningsrevisjonen bør være å undersøke om Giske kommune føretek innkjøp og anskaffingar i tråd med reglar for anskaffingar og dei rammeavtaler som er inngått for innkjøp i kommunen.

Problemstillingane i ein slik revisjon kan vere:

1. Har Giske kommune sett i verk tiltak for å sikre at regelverket for offentlege anskaffingar blir følgt?
2. Blir varer og tenester kjøpt inn i samsvar med lov og regelverk på området?
3. Nyttar Giske kommune seg av dei inngåtte rammeavtalane på ein korrekt måte?

Sekretariatet vil tilrå kontrollutvalet å vurdere og diskutere temaet og bestille ein slik forvaltningsrevisjon som her er skissert og med bakgrunn i den skissa som forvaltningsrevisor legg fram i møtet.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 05/23 Giske kontrollutval

Møtedato
08.02.2023

Møteplan for 2023 Giske kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Giske kontrollutval sin møteplan for 2023:

- 8. februar
- 19. april
- 24. mai
- 20. september
- 29. november

Møta vert haldne på Giske rådhus, kommunestyresalen, om ikkje anna vert presisert i innkallinga til det aktuelle møtet.

Møtetidspunkt er kl. 13.00

Bakgrunn:

Med utgangspunkt i kommunelova §11 så er det kontrollutvalet sitt eige reglement som legg grunnlaget for denne saka.

Nokre punkt frå kommunelova og reglementet:

- Kontrollutvalet skal behandle sine saker og treffe vedtak i møte.
- Kontrollutvalet sine møter er opne for alle og saksdokumenter er offentlege
- Kontrollutvalet gjennomfører møte etter fastsett møteplan
- Utover dette kan ein gjennomføre møte i folkevalde organ om:
 - Organet sjølv eller kommunestyret vedtar det
 - Leiar av organet meiner at det er naudsynt
 - Minst ein tredel av medlemmane i organet krev det

Den som er valt medlem i eit folkevald organ, pliktar å delta i organet sine møter, om ein ikkje har gyldig forfall. Jf kommunelova § 8-1.

Forfall må så snart situasjonen oppstår bli varsla til kontrollutvalsekretariatet slik at varamedlem kan kallast inn. Det er sekretariatet som kallar inn varamedlem.

Vurdering:

Det er viktig å sørge for at kontrollutvalet har tilstrekkeleg med møte, slik at kontrollutvalet kan utføre og følge opp dei oppgåver som er naudsynt for å sikre forsvarleg kontroll.

Kontrollutvalet har faste oppgåver gjennom året som gjer det naturleg at utvalet har eit minimum av møte. For Giske kontrollutval vert det planlagt og er budsjettert med 5 møter gjennom året.

Kontrollutvalet bør planleggje sine møter slik at det ikkje går for lang tid frå eit møte til det neste, går det for lang tid kan sakene som kjem opp miste sin aktualitet.

Når ein fastlegg datoane for kontrollutvalet sine møter er det viktig å tenkje på:

- samordning av kontrollutvalsmøta med kommunestyremøta, spesielt med tanke på saker som skal vidare til kommunestyret
- tidspunkt for rapportering frå dei ulike handlingane innan rekneskapsrevisjon
- frist for uttale til revisjonsmelding, årsrekneskap og årsmelding
- at handsaming av budsjettramme for kontrollarbeidet kjem tidsnok til at det kan følgje ved formannskapet si handsaming fram til kommunestyret

Det å ha ein møteplan sikrar føreseielegheit og gjer at innbyggjarar, media og folkevalde lettare kan følgje arbeidet til kontrollutvalet.

Møteplanen vert kunngjort på kontrollutvalet si heimeside og på kommunen si heimeside i den ordinære møtekalendaren for folkevalde organ.

Sekretariatet set opp fylgjande datoar for Giske kontrollutval sine møter i 2023:

8. februar kl. 13.00 (kommunestyremøte 16. februar)

19. april kl. 13.00 (kommunestyremøte 27. april)

24. mai kl. 13.00 (kommunestyremøte 15. juni)

20. september kl. 13.00 (kommunestyremøte 28. september)

(nytt kommunestyret har sitt konstituerande møte 19. oktober)

29. november kl. 13.00 Nytt kontrollutval (kommunestyremøte 7. desember)

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 06/23	Giske kontrollutval	08.02.2023

Årsmelding 2022 frå Giske kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Giske kontrollutval vedtek "Årsmelding 2022 Giske kontrollutval" slik den ligg føre. Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2022.

Bakgrunn:

Det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å utøve den løpande kontrollen på vegne av kommunestyret.

Kommunestyret må sørgje for at kontrollutvalet har dei ressursar som er naudsynte for å gjennomføre pålagde kontrolloppgåver, og leggje til rette for god samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal sjå til at rekneskapen til kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte, og at økonomien blir forvalta i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak. Utvalet skal gjennomføre forvaltningsrevisjo og sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av interessene kommunen har i selskap.

Kontrollutvalet skal rapportere resultata av arbeidet sitt til kommunestyret.

Vurdering:

Årsmeldinga til kontrollutvalet gir informasjon om kva oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2022 og dermed kva utvalet har gjort for å bidra til å nå dei overordna mål. Årsmeldinga er utvalet sin rapport på arbeidet gjennom 2022 og kontrollutvalssekretæren oppmodar utvalet til å kome med innspel i møtet til det utkastet til årsmelding som ligg ved.

"Årsmelding 2022 Giske kontrollutval" vert å sende over til kommunestyret som ein rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2022.

Vedlegg

Årsmelding 2022 Giske kontrollutval

Årsmelding 2022- Giske kontrollutval


Kommunen er den viktigaste velferdsprodusenten i samfunnet, og forvaltar monalege ressursar på vegne av innbyggjarane. Omfanget av og breidda i den kommunale tenesteproduksjonen medfører behov for utstrekt styring og kontroll.

Kommunal eigenkontroll er den kontrollen kommunen sjølv gjennomfører i eiga verksemd. Eigenkontroll er eit viktig element i det lokale folkestyret, og skal medverke til at kommunen når dei måla som er sette, innanfor rammene av gjeldande regelverk og tildelte ressursar. Eigenkontrollen skal også medverke til å styrkje tilliten til forvaltninga gjennom førebygging og avdekking av mislege handlingar og andre uheldige tilhøve

Om kontrollutvalet

Kontrollutvalet er kommunestyret sin reiskap, og det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kommunestyret spelar difor ei avgjerande rolle for kva merksemd kontrollarbeidet har i kommunen.

For at kontrollutvalet skal vere ein god reiskap for kommunestyret, må kommunestyret gje kontrollutvalet gode arbeidsvilkår. Og leggje til rette for god samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.



Giske kontrollutval har for perioden 2020-2023 slik samansetning:

Medlemmer:

- Dag Oksnes – leiar
- Asbjørn Furnes – nestleiar
- Herman Rørvik Blindheim
- Sissel Anita Roald
- Inger Johanne Sund

Varamedlemmer

1. Knut Støbakk
2. Ruth Roald
3. Øyvind Fosse
4. Anne Lise Eriksen
5. Birgit Roald

Om revisjonen


Giske kommunestyre har valt eigenrevisjon som revisjonsordning og Møre og Romsdal Revisjon SA som sin revisor for Giske kommune. Revisjonsselskapet peikar sjølv ut kven av sine tilsette som skal vere oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor og oppdragsansvarleg for den enkelte forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Møre og Romsdal Revisjon SA leverer revisjonstenester på bestilling frå kontrollutvalet slik lov og forskrift tilseier.

Revisor skal utføre rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og annan kontroll som er bestemt i lov og forskrift. Av andre oppgåver så skal revisjonen mellom anna gjennomføre forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, og kontrollere grunnlaget for kommunen sitt krav om momskompensasjon. Revisor utfører også ei rekke andre attestasjonar.

Kommunestyret har ved oppstart av perioden vedteke ein plan for forvaltningsrevisjon som byggjer på ei risiko og vesentlegvurdering. Forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontroll vert utført etter bestilling frå kontrollutvalet, men md bakgrunn i den vedtekne planen og ut frå kontrollutvalet si eiga vurdering.

Oppdragsansvarleg revisorar har lagt fram for kontrollutvalet dokumentasjon på sitt sjølvstende, både knytt til rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.



Om sekretariatstenesta

Giske kommunestyre som medeigar av Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS, har vedteke å nytte dette selskapet som sitt kontrollutvalsekretariat. Etter regelverket skal kontrollutvalet

ha eit sekretariat som er uavhengig av både kommunen sin administrasjon og dei som utfører revisjon for kommunen.

Sekretariatet er den viktigaste hjelparen til kontrollutvalet og den som held kontinuiteten gjennom dei ulike valperiodane. For at kontrollutvalet skal kunne fylle kontrollfunksjonen sin på ein best mogeleg måte, er utvalet avhengig av at både sekretariat og revisjon kan vere ein fagleg ressurs og ein fagleg diskusjonspartnar. Sekretariatet skal sikre at saker som vert handsama av kontrollutvalet vert forsvarleg førebudde og utgreidde og at vedtak vert fylgt opp.

Sekretariatet skal ivareta dokumenthandtering for kontrollutvalet som eit offentleg organ, og ha eit arkiv som tilfredsstiller krav i arkivlova med forskrifter.

Sekretariatet førebur og effektuerer bestillingar av dei ulike revisjonsoppdraga til revisor og skal ivareta kommunikasjonen med revisor mellom møta.

God kommunikasjon og samhandling mellom kontrollutval, sekretariat og revisjon er ein føresetnad for at kontrollutvalet effektivt kan føre kontroll på vegen av kommunestyret.

Kontrollutvalet sin aktivitet i 2022:

Giske kontrollutval har i 2022 (tal for 2021 i parentes) hatt 5 (5) møter. Alle møta er dette året haldne som ordinære, fysiske møter.

Innkalling med saksdokument vert sendt utvalet seinast ei veke før møtet. Innkalling og møteprotokoll har blitt sendt til medlemmane, ordførar, kommunedirektør og revisjon. Dei same dokumenta vert lagt ut på kontrollutvalsekretariatet si heimeside www.kontrollutval.no/giske og er der tilgjengeleg for alle, med mindre der er saker eller dokument som med heimel i lov er skjerma. I år har der ikkje vore skjerma dokument/saker.

Datoane for kontrollutvalet sine møter ligg tilgjengeleg i kommunen sin ordinære møtekalendar for folkevalde organ med lenkje frå møtedatoen der og direkte inn til sakspapira på sekretariatet si heimeside. Dette gjer kontrollutvalet sitt arbeid endå meir tilgjengeleg og kjent for innbyggjarar, folkevalde og administrasjon.

Giske kontrollutval har i 2022 handsama 27 (22) saker.

Møteprotokollen frå møta vert oversendt som fortløpande rapportering til kommunestyret. Dei sakene der kontrollutvalet etter lov og forskrift skal kome med tilråding til kommunestyret, har vorte oversendt som eiga sak i tillegg til protokollen.

Leiar i kontrollutvalet har ikkje fast sete i kommunestyret, men har vore til stades til dømes når kommunestyret har handsama saker der kontrollutvalet har tilrådingsrett. Herman Rørvik Blindheim er kommunestyret sitt faste medlem som er medlem i kontrollutvalet, slik kommunelova § 23-1 andre ledd, krev.

Ordførar har møte- og talerett på kontrollutvalet sine møter og har som oftast møtt.

Økonomi og rekneskapsrevisjon:


På vegne av kommunestyret kontrollerer utvalet om den økonomiske forvaltninga er i tråd med gjeldande reglar og vedtak.

Utvalet får fortløpande informasjon frå revisor. Dette vert mellom anna knytt til oppsummering frå interimrevisjon, rapport frå forenkla etterlevingskontrollar, informasjon om budsjettavvik, rapport etter årsoppgjersrevisjon og revisor si melding knytt til årsrekneskap og årsmelding.

Revisor er til stades i dei fleste møta i kontrollutvalet og slik legg ein til rette for å ta vare på ein god dialog.

Kontrollutvalet gav sin uttale knytt til kommunen sitt årsrekneskap for 2021. Til grunn for uttalen låg rekneskap, årsmelding frå kommunedirektør og revisjonsmelding frå revisor.

Kontrollutvalet tilrådde at årsrekneskapen vart godkjent.



Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Etter kontrollutvalet si tilråding har kommunestyret tidlegare vedteke ein plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2020-2023. I tråd med denne, bestilte kontrollutvalet ein forvaltningsrevisjon på ressurs og kvalitet i grunnskulen – spesialundervisning. Rapport vart levert og handsama i kontrollutvalet i november og sendt over til kommunestyret. Kommunestyret vedtok kontrollutvalet si tilråding og bad kommunedirektøren om å følge opp og iverksette tiltak knytt til internkontroll og melde attende til kontrollutvalet innan april 2023.

Når det gjeld den førre forvaltningsrevisjon på vedlikehald av kommunale bygg så fekk kontrollutvalet ein gjennomgang av kommunedirektøren/administrasjonen si oppfølging av kommunestyret sitt vedtak knytt til den. Kontrollutvalet sa seg nøgd med oppfølginga.

Andre saker:

Kontrollutvalet har på førespurnad fått ulike orienteringar frå kommunedirektøren. Dette har mellom anna vore knytt til dokumenthandtering/manglande publisering av dokument på heimeside og om korleis kommunen generelt arbeider med meiroffentlegheit. Kontrollutvalet tek dette med som tema inn i arbeidet med framtidige forvaltningsrevisjonar.

Det er berre kommunestyret gjennom sine vedtak som kan pålegge kontrollutvalet å gjere kontrollhandlingar. For alle andre henvendingar er det opp til utvalet sjølv å vurdere og avgjere om dei vil gjere nærare undersøkingar og eventuelt sette i gang ei kontrollhandling. I dei tilfelle der det er opplagt at henvendinga burde vore retta til andre instansar (som Sivilombodet eller Arbeidstilsynet), gjev sekretariatet rettleiing til avsendar om det.

Når kontrollutvalet mottok ei henvending frå innbyggjarar eller via andre kanalar, gjer utvalet ei vurdering av innhaldet og ser på om det er av ein slik art at det bør setjast i gang ei kontrollhandling.

Som hjelp i ei slik vurdering kan kontrollutvalet ta i bruk ein trafikklysmodeill knytt til sentrale spørsmål.

(illustrasjon frå FKT)

Sentrale spørsmål	Ja	Delvis	Nei
• Viser saken til lovbrudd, manglende etterlevelse av kommunale rutiner eller manglende oppfølging av kommunale vedtak?			
• Viser saken til en risiko knyttet til system, rutiner, praksis i kommunen mer generelt innenfor et område?			
• Dreier saken seg i hovedsak om en personlig enkeltsak?			
• Er saken under annen behandling i et annet organ? (rettsapparat, sivilombudsmann, statsforvalter, KOFA, klageorgan i kommunen, varslingskanal)?			
• Er det annen naturlig behandlingsvei for saken (ref. organene nevnt over)?			
• Vedrører saken misnøye med et politisk fattet vedtak?			
• Kan saken, og sakens oppmerksomhet, bidra til at det stilles spørsmål om tilliten til kommunens saksbehandling av en type saker?			
• Berører saken et tema som kontrollutvalget allerede har vurdert som aktuelt for oppfølging i sin risiko- og vesentlighetsanalyse?			
• Foreligger området som et tema i plan for forvaltningsrevisjon eller plan for eierskapskontroll?			
• Kan en gjennomgang bidra til læring og forbedring?			

Fagleg utvikling i kontrollarbeidet:

Arbeidet i kontrollutvalet er i stadig utvikling. Det kjem jamleg nye faglege oppdateringar og sentrale føringar som kontrollutvalet bør tileigne seg kunnskap om. For at kontrollutvalet skal klare å halde følge med utviklinga, krevst det kontinuerleg læring og oppdatering.

Det er primært to organisasjonar som arrangerer faglege samlingar og bidreg til kompetansepåfyll for kontrollutvala og for sekretariatet. Det er Forum for kontroll og tilsyn (FKT) og NKRF - kontroll og revisjon (tidlegare Norges Kommunerevisorforbund)

Kontrollutvalet har lagt inn i si budsjettramme for 2023 midlar til abonnement og medlemskap i desse organisasjonane, samt midlar til å delta på årleg fagkonferanse eller tilsvarande.

8. og 9. juni 2022 deltok nestleiar i kontrollutvalet på Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin fagkonferanse for kontrollutval, denne gongen på Kløfta. Det er viktig å møte andre som er opptatt av kontrollarbeid i kommunane, få fagleg påfyll og utveksle erfaringar.

Til slutt

Giske kontrollutval vil fortsette med å gjere sitt beste for å skape eit aktivt og engasjerande kontrollarbeid, stimulere til forbetningsarbeid på systemnivå og medverke til auka openheit og demokratisk innsyn.

Det er avgjerande for at kontrollutvalet skal kunne gjere det at kommunestyret fortsett med å legge til rette for gode arbeidsvilkår for utvalet.

Giske 08.02.2023

Dag Oksnes (leiar), Asbjørn Furnes (nestleiar), Herman Rørvik Blindheim, Sissel Anita Roald, Inger Johanne Sund.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 07/23	Giske kontrollutval	08.02.2023

Meldingar

Underliggende saker

01/23	Budsjettramme kontrollarbeidet 2023 - kommunestyret sitt vedtak
02/23	Giske kontrollutval medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn
03/23	Informasjon om FKT sitt webinar 26.01.2023 om kommunikasjonsstrategi

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 01/23 Giske kontrollutval

Møtedato
08.02.2023

Budsjettramme kontrollarbeidet 2023 - kommunestyret sitt vedtak

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Når Giske kommunestyre har vedteke budsjett for 2023 har kontrollutvalet (v/sekretariatet) bedt om å få ei skriftleg tilbakemelding på kva som er vedteke som budsjettramme for kontrollarbeidet for 2023.

I samsvar med kommunelova § 14-3 og § 2 i Forskrift om kontroll og tilsyn vart det sendt over ei sak frå kontrollutvalet med utvalet si tilråding til kommunestyret som skal følgje budsjettsaka fram til behandling i kommunestyret.

Kontrollutvalet si tilråding på budsjettramme for kontrollarbeidet, er sendt frå sekretariatet til kommunedirektøren 02.09.2022, der det står:

Sekretariatet minner administrasjonen på det som står i saksutgreiinga om at kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med kommunestyret sitt budsjettvedtak for kontrollarbeidet, når kommunestyret har vedteke årsbudsjett 2023 for Giske kommune.

Vedlagt er svaret frå kommunedirektøren v/økonomisjef som stadfestar at det er den ramma som var kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret, som er lagt til grunn og vedtatt.

Vedlegg

Kommunestyret sitt vedtak om budsjett kontrollarbeidet 2023 - Giske

Emne: SV: Påminning: Budsjett kontrollarbeidet 2023 - vedtak

Til: Solveig Kvamme <solveig.kvamme@sksiks.no>

Sendt: 10.01.2023 14:05:36

Fra: Ann Kristin Thu <Ann.Kristin.Thu@giske.kommune.no>

Hei Solveig og godt nytt år 😊

Her er lenke til handlings- og økonomiplanen [Handlings- og økonomiplan 2023 – 2026 - Giske Kommune](#)

Kommunestyret sitt vedtak med nye tabellar ligg fremst i dokumentet. Løyvingar til kontrollarbeidet ligg i ramme 1 Politisk styring og i teneste 1060 kjem det fram at det er set av kr 1 408 000 til kommunerevisjonen og kontrollutval.

Treng du meir detaljar?

Mvh

Ann K

Tlf 41 70 23 04

Fra: Dag Olav Tennfjord <Dag.Olav.Tennfjord@giske.kommune.no>

Sendt: tirsdag 10. januar 2023 13:17

Til: Ann Kristin Thu <Ann.Kristin.Thu@giske.kommune.no>

Emne: Fwd: Påminning: Budsjett kontrollarbeidet 2023 - vedtak

Sjå nedanfor. Kan du sende ei lenke til Kontrollutvalssekretæren.

Mvh

Dag Olav

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

Fra: Solveig Kvamme <solveig.kvamme@sksiks.no>

Dato: 9. januar 2023 kl. 10:57:12 CET

Til: Dag Olav Tennfjord <Dag.Olav.Tennfjord@giske.kommune.no>

Emne: Påminning: Budsjett kontrollarbeidet 2023 - vedtak

Hei Dag Olav og godt nytt år.

Eg kan ikkje sjå at vi har fått noko tilbakemelding på e-posten under som eg sendte rett før jul.

Fint om de kan sende over budsjettvedtaket knytt til budsjettramma for kontrollutvalet.

Ha ein fin dag!

Helsing Solveig Kvamme

Fra: Solveig Kvamme

Sendt: mandag 19. desember 2022 15:18

Til: Dag Olav Tennfjord <dag.olav.tennfjord@giske.kommune.no>

Emne: Budsjett kontrollarbeidet 2023 - vedtak

Hei

No når Giske kommunestyre har vedteke budsjett for 2023 er det fint om kontrollutvalet (v/sekretariatet) kan få ei skrifteleg tilbakemelding på kva som er vedteke som budsjettramme for kontrollarbeidet.

I samsvar med kommunelova § 14-3 og § 2 i Forskrift om kontroll og tilsyn vart det sendt over ei sak frå kontrollutvalet med utvalet si tilråding til kommunestyret.

Viser til denne tilrådinga på budsjettramme for kontrollarbeidet sendt frå sekretariatet til kommunedirektøren 02.09.2022 der det står:

*Tilrådinga frå kontrollutvalet skal følgje saka om årsbudsjett 2023 på ein slik måte at forslaget frå kontrollutvalet kjem klart fram for kommunestyret. **Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med kommunestyret sitt budsjettvedtak for kontrollarbeidet, når kommunestyret har vedteke årsbudsjett 2023 for Giske kommune.***

Ta kontakt om noko er uklart eller de lurar på noko.

Med venleg helsing

For Giske kontrollutval

Solveig Kvamme

Rådgivar

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Tlf 90 74 13 99

solveig.kvamme@sksiks.no

post@sksiks.no

www.kontrollutval.no

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 02/23 Giske kontrollutval

Møtedato
08.02.2023

Giske kontrollutval medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

I kontrollutvalet si sak om tilråding til budsjettramme for kontrollarbeidet gjorde kontrollutvalet vedtak om å legge inn årleg medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn og abonnement på bladet Kontroll og revisjon frå NKRF-kontroll og revisjon i kommunane som kompetansetiltak.

Dette er dei to organisasjonane som bidreg sterkest med kompetansepåfyll og faglege råd til kontrollutvala i kommunane.

Som ei oppfølging av at kommunestyret har vedteke den tilrådde budsjettramma for kontrollarbeidet, så ligg her ved stadfestinga av at Giske kontrollutval no er innmeldt i FKT. Det har og gått melding til NKRF med navn på nye mottakarar av bladet Kontroll og revisjon.

Vedlegg

Nytt medlem i Forum for Kontroll og Tilsyn - Kontrollutvalget i Giske kommune

Emne: Nytt medlem i Forum for Kontroll og Tilsyn - Kontrollutvalget i Giske kommune

Til: Solveig Kvamme <solveig.kvamme@sksiks.no>

Sendt: 19.01.2023 10:38:04

Fra: Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>

Til

Kontrollutvalget i Giske kommune

Forum for kontroll og tilsyn (FKT) ønsker dere velkommen som medlem.

FKTs medlemssider på hjemmesiden

Våre nettsider er åpne for alle, men noe informasjon er kun for medlemmer, f. eks styreprotokoller og «spørsmål og svar». De av dere som ønsker tilgang til medlemssidene kan sende en e-post/forespørsel til fkt@fkt.no for å få tildelt passord. Dette gjelder alle utvalgsmedlemmer og varamedlemmer.

Elektroniske nyhetsbrev fra FKT

Personvernreglene krever at vi innhenter samtykke for å lagre lister med e-postadresser med det formålet å sende ut elektroniske nyhetsbrev. Medlemmer og varamedlemmer som ønsker å motta elektroniske nyhetsbrev fra oss, kan registrere seg her: www.fkt.no (rett under nyhetene)

Send oss gjerne en e-post hvis dere har noen gode tips om tema for faglige samlinger ol. eller hvis det er noe dere lurer på.

Med vennlig hilsen

Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær

Forum for kontroll og tilsyn / Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo / fkt@fkt.no / +47 414 71 166 / www.fkt.no

Saksframlegg

Saksnr. MS 03/23
Utval Giske kontrollutval

Møtedato
08.02.2023

Informasjon om FKT sitt webinar 26.01.2023 om kommunikasjonsstrategi

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Forum for kontroll og tilsyn FKT inviterte til et webinar 26.01.2023 om kommunikasjonsstrategi for kontrollutvalget.

Invitasjonen er sendt ut på e-post fra sekretariatet til medlemmene i kontrollutvalet, med oppfordring om at den som har mulighet melder seg på.

Den/de av medlemmene som deltok oppfordres til å gi kontrollutvalet en kort oppsummering fra webinarret i møtet den 8.februar.

Vedlegg

Invitasjon til FKT sitt webinar om kommunikasjonsstrategi for kontrollutvalet 26.01.2023

Emne: Nytt fra FKT

Til: Solveig Kvamme <solveig.kvamme@sksiks.no>

Sendt: 02.01.2023 09:15:06


Fra: Forum for kontroll og tilsyn <fkt@fkt.no>



Forum for
kontroll og tilsyn

Godt nyttår!

**Velkommen til å starte det nye året med et webinar
om kommunikasjonsstrategi for kontrollutvalget.**



Teams 26. januar

Dette blir en times webinar der vi deler erfaringer og viser hvordan en kommunikasjonsstrategi for kontrollutvalget kan se ut . Ingen deltakeravgift for medlemmer.

Påmelding
